

# SANDSØY BARNEHAGE



ÅRSPLAN 2022-2023

Trygt og godt

## **Innhold**

SANDSØY BARNEHAGE .....	1
Velkomen til nytt barnehageår! .....	4
Barnehagelova .....	5
Rammeplan for barnehagen .....	6
Sandsøy barnehage .....	7
Felles visjon for barnehagane i Sande .....	7
Foreldremøte .....	8
Foreldresamtalar .....	8
Praktiske opplysningar .....	8
Foreldrebetaling .....	8
Fråvær .....	9
Mat .....	9
Sjukdom .....	9
Kle .....	9
Bursdagar .....	9
Soving .....	10
Informasjon heim .....	10
Førskuleopplegg .....	10
Planleggingsdagar .....	10
Sommarferie 2023 .....	10
Vurdering/dokumentasjon .....	11

Kartlegging.....	11
Samarbeidsinstansar .....	12
Tryggleik .....	12
Forsikringar.....	12
Val av FAU og SU .....	12
Foreldresamarbeid .....	13
Satsingsområder.....	14
Sosial kompetanse.....	15
Realfag.....	15
Kommunikasjon , språk og tekst .....	16
Barna sin medverknad.....	17
Turdag.....	18
SFO.....	18
Tilsette ved Sandsøy barnehage.....	19
Telefonnummer til Sandsøy barnehage .....	19
Avslutning.....	20

## **Velkommen til nytt barnehageår!**

Vi ynskjer alle føresette og barn velkomne til eit nytt og innhaldsrikt år i Sandsøy barnehage.

Verksemda vår er basert på Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagar. I barnehagelova finn vi det regelverket som gjeld barnehagen. Rammeplanen er ei forskrift til lova som gir retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåve. Desse to dokumenta utgjer barnehagen sitt samfunnsmandat. Årsplanen er barnehagen sitt overordna pedagogiske dokument og er fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval. Planen er eit forpliktande arbeidsverkty for personalet og eit dokument som viser foreldra kva tilbod barna får i barnehagen.

Innanfor desse rammene har pedleiaren vår, i samarbeid med sine medarbeidarar og barna på avdelingane, stor handlingsfridom. Dei brukar seg sjølve, sin kunnskap og erfaring for å skape gode dagar fulle av gode barndomsminner, tilpassa det einstilde barn.

Pedleiaren lagar månadsplanar for kvar månad. Desse legg vi i hylla til barna samt at dei blir hengt opp i garderoben . De som foreldre kan dermed halde dykk oppdatert på kva barnet ditt skal vere med på, og det er eit godt utgangspunkt for gode samtalar når dagen er over. På neste månadsplan kjem månadsbrevet der leiaren oppsummerar månaden som har vore.

Vi har som mål å stadig vere i utvikling og gler oss til å starte på eit nytt barnehageår!

Sandsøy barnehage, september 2022

Ragnhild Våge Støyle

Einingsleiar

## **Barnehagelova**

I følgje barnehagelova skal barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Viktige verdiar er respekt for menneskeverdet og naturen, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskertrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.

Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnadar.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Vil du lese meir om barnehagelova og rammeplanen finn du dei på <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>



**Den 1. januar 2021 fekk barnehagen eit nytt regelverk for barnehagemiljøet. Den nye lova skal sørge for at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag.**

### **Kva er nytt i lova?**

Barnehagen har eit ansvar for å følgje med på korleis alle barna har det. Alle ansatte har ei plikt til å gripe inn, dersom eit barn ikkje har det bra.

Barnehagen må undersøke, og sette inn tiltak dersom eit barn ikkje har det bra. Alle som jobbar i barnehagen skal melde frå til styrar, dersom dei får mistanke om eit barn ikkje har det trygt og godt. Barnehagen må lage ein skriftleg plan, dersom eit barn ikkje har det bra i barnehagen.

Barnehageeigar har ansvar for at barnehagane fyl reglane, og må legge til rette for at barnehagen oppfyller krava i lova.

## Rammeplan for barnehagen


I følgje rammeplanen skal innhaldet i barnehagen vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarn og barnegruppa. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng, og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respektert. Dei skal få den hjelpa og støtta dei har behov for og personalet skal leggje til rette for omsorgsfulle relasjoner mellom barna og personalet, og mellom barna sjølv.

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, der eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik, både åleine og saman med andre.

Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.

Barnehagen sitt innhald skal vere allsidig og variert, og årsplanen vår byggjer på barnehagelova og føringane i rammeplanen.



## Sandsøy barnehage

Sandsøy barnehage er ein kommunal barnehage der Sande kommune er eigar og drivar.

Barnehagen har plassar for barn i alderen 1-5 år. Dette barnehageåret er det 3 barn i barnehagen. SFO er samlokalisert med barnehagen og vi har 3 barn i SFO. Barnehagen ligg på Bringsvoren – om lag midt på Sandsøya.

**Opningstida til barnehagen er frå kl. 08.00.-16.30 måndag til fredag.** Dersom nokon har behov for lengre opningstid ein dag må dei gi beskjed til personalet seinast dagen før.

**Telefonnummeret til barnehagen er: 46917292. Gunnhild sitt telefonnummer er: 91302460. Einingsleiar sitt telefonnummer er: 48100454**

Sandsøy barnehage skal vere ein brukartilpassa barnehage med barnet i sentrum. Vi skal ha fokus på gode, trygge og stabile rammer for barn, foreldre og tilsette der dagane er prega av glede, humor, leik og trivsel. Barna skal få gode læring- og utviklingsmoglegheiter, og dei vaksne skal utvikle seg i takt med samfunnet.

Utan god **omsorg** og **leik**, kan vi ikkje fremme **læring** og **danning**. Desse **fire nøkkelorda** går hand i hand, gjennom alle aktivitetar i barnehagen.

## Felles visjon for barnehagane i Sande

«Barnehagane i Sande kommune vil i samarbeid med heimen gi barna ein trygg start på den livslange læringa i utdanningssystemet. Vi vil gi dei erfaringar og opplevingar som fører til ei positiv tilknyting til nærmiljøet, og gjere dei i stand til å ta vare på seg sjølve og kvarandre»



I Sande kommune har vi ein felles plan når det gjeld overgang barnehage/skule. Eit godt samarbeid mellom barnehage og skule er viktig for at barnet skal få ein god start på skuleløpet sitt. Sandsøy skule har førskuledagar i mai det året barnet skal byrje på skule. Barnehagen må innhente løyve frå foreldra for å gi informasjon om barnet til skulen. I løpet av mai/juni har barnehagen og skulen eit samarbeidsmøte i høve førskulebarna. På dette møtet er som regel einingsleiar, kontaktlærar og pedagogisk leiar tilstades.

## **Foreldremøte**

Vi har i utgangspunktet eit foreldremøte på hausten.

## **Foreldresamtalar**

Foreldre vil få tilbod om to foreldresamtalar per år. Ein på hausten og ein på våren. Samtalen på hausten er obligatorisk, medan den på våren er frivillig dersom ikkje personalet meiner noko anna. Dei som har førskulebarn skal på begge samtalane. Det er individuelle samtalar der foreldre og pedagogisk leiar utvekslar informasjon om barnet. Vi reknar 30 minutt per samtale.

## **Praktiske opplysningar**

### **Foreldrebetalning**

De betalar for elleve månadar i løpet av eit barnehageår. Foreldrebetaltinga forfall rundt 20. i månaden. Vi har syskjenmoderasjon. Det er Sande kommune som sender ut faktura. Manglande foreldrebetalning fører til inkasso og oppseiling av plass.

100% (5 dagar) kr. 3050,- + mat kr. 375,-

80% (4 dagar) kr. 2440,- + mat kr. 300,-

Om ein ynskjer å seie opp plassen er det ein månaders oppseingstid. Det er ikkje høve til å ta ut barn etter 1. april utan å måtte betale for heile barnehageåret.

**Med det vi veit pr i dag er Sandsøy barnehage stengd julafta og nyttårsafta og i romjula. Det same gjeld onsdag før skjærtorsdag**

## **Fråvær**

Dersom barnet er sjuk eller skal ha fri, **skal** vi ha beskjed om dette. Det er også fint om de gir beskjed dersom barnet kjem seinare enn kl. 09.00 eller blir henta tidlegare enn vanleg, i tilfelle vi skal på tur eller liknande. Blir barnet henta av andre enn foreldra, skal barnehagen ha informasjon om kven. Gi beskjed ved levering eller send ei melding.



## **Mat**

Frukost,lunsj og ettermiddagsmåltid får de i barnehagen. Frukost er mellom kl. 08.30.-09.30. Vanlegvis lagar vi middag/bakar ein til to gongar i veka.

## **Sjukdom**

Ved sjukdom skal barnet vere heime. Eit barn treng ikkje nødvendigvis å ha feber for å vere sjuke, allmenntilstanden er avgjerande. Ved magevirus (oppkast/diare), **SKAL** barnet vere heime frå barnehagen minst 48-timar etter siste symptom. Sjå spesielle reglar når det gjeld korona.

## **Kle**

Barnet treng kle tilpassa dei ulike årstidene. Dress, regnkle, støvlar, sko, hue, vottar m.m. I korga treng det minst to kleskift (gensarar, t-skjorter, bukser, strømpebukser, lestar og truser). Viktig at alt av kle og sko blir merka med namn! Alle kle skal takast med heim til vask ved behov. Foreldra kjøper bleier til dei som treng det. Vi ynskjer ikkje up&go bleier. Personalet gir beskjed når barnet treng meir. Dersom barna treng ulike kremar (solkrem/fuktighetskrem) må de ta med sjølve.

## **Bursdagar**

Når barnet har bursdag flaggar vi i barnehagen. Vi markerar dagen med å lage krune, synge og vi serverer pizza eller pølse med brød og fruktspyd eller fruktsalat. Foreldra tek ikkje med noko.

## **Soving**

Barn som skal sove på dagtid må ha med vogn og vognpose tilpassa årstida.

## **Informasjon heim**

Telefon, e-post, skriftlege beskjedar.

## **Førskuleopplegg**

Vi har ingen barn i førskulegruppa dette året.

## **Planleggingsdagar**

Måndag 8. august, torsdag 29. september, fredag 7.oktober, måndag 2. januar og fredag 19. mai. Desse dagane er barnehagen stengd.

## **Sommarferie 2023**

Barnehagen er stengd i veke 28, 29, 30 og 31.

## **Vurdering/dokumentasjon**

Personalet observerar og vurderer dagleg sitt arbeid. Vi observerar og deltek i barna sine aktivitetar og vurderer våre handlingar, møte og samspel med barna fortløpende. Vurdering skal vere til hjelp for personalet i vidare planlegging. Vurdering kan bidra til å sikre at utviklinga av barnehagen skjer på ein bevisst måte. Både barna, personalet og foreldra har erfaringar og opplevingar frå livet i barnehagen som det er viktig å utnytte aktivt. Det er viktig at barna får delta i vurderinga av sitt eige leike- og læringsmiljø, og oppleve at det dei meiner vert teke på alvor. Observasjon og dokumentasjon utgjer ein viktig del av grunnlaget for ei meir heilskapleg vurdering. Fylgjande skal vurderast:

1. Barna sin trivsel og utvikling, og evne til å utvikle venskap
2. Barnegruppa si fungering i leik og sosialt samspel
3. Barnehagen sine rutinesituasjonar og tradisjonar
4. Vurdering av eigen praksis og samspel barn/vaksne/yrkesetikk
5. Språkleg utvikling
6. Vårt arbeid med sosial kompetanse

Årsplanen skal vurderast og justerast årleg i forhold til samfunnet sine krav til endring og utvikling av barnehagen. Måloppnåing samt vår yrkesetiske ståstad i forhold til pedagogisk grunnsyn skal diskuterast og vurderast. Barnehagen har som mål at foreldra skal vere nøgde med det tilbodet som barnehagen gir.

## **Kartlegging**

Alle barn utviklar seg i eige tempo på ulike områder. Vi samanliknar difor kvart barn med seg sjølv og si utvikling, på same tid som vi følgjer godt med kvart barn om det treng ekstra stimulering og utfordring.

Det er heilt nødvendig for oss som har ansvar for barna sin vekst og utvikling, å ha ulike verkty. Å observere barn er noko som skjer kontinuerleg, å kartlegge barn, gjer vi i samråd med føresette.

Vi brukar registreringsskjema som TRAS (tidleg registrering av språk), ALLE MED (sosial kompetanse), MIO (matematikk) og Danse skjema.

## **Samarbeidsinstansar**

Vi samarbeider med mange instansar for å kunne gi barn det beste i tida fram til skulestart og sikre tidleg intervension for barn med ulike behov. Våre samarbeidsinstansar er PPT, barnevern, helsestasjon og skulen.

## **Tryggleik**

Bilane skal ikkje stå på tomgang medan barna blir levert og henta. Dette er faktorar som vil vere med på å heve barna si sikkerheit.

## **Forsikringar**

Gjennom KLP er barn i barnehagen ulukkeforsikra. Forsikringa dekkjer varig medisinske invaliditet, dødsfall på grunn av ulykker og behandlingsutgifter.

## **Val av FAU og SU**

Foreldrerådet sitt arbeidsutval består av ein leiar og ein vara

Samarbeidsutvalet er eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet består av føresette, tilsette og ein representant frå kommunen. Einingsleiar er sekretær i samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg om saker som vedkjem barnehagen. Til dømes vedtektsendringar, opningstider, foreldrebetaling m.m.

Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) 2022-2023 :

Kevin Djupvik -leiar

Då vi er så få foreldre kallar einingsleiar inn alle når vi skal ha ulike møter

Samarbeidsutvalet (SU) 2022-2023

- For foreldra: Kevin Djupvik
- For personalet: Gunnhild Bringsvor
- For kommunen: Bjørn Thore Hansen
- Sekretær : Ragnhild Våge Støyle –einingsleiar

### **Foreldresamarbeid**

I følgje rammeplanen skal barnehagen gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barnas heim.

Barnehagen skal støtte foreldra i oppsedinga av barna. For å få til dette er vi avhengige av eit nært samarbeid med foreldra som må byggjast på gjensidig tillit, openheit og respekt. Gjensidig informasjon mellom heim og barnehage er viktig for at barna skal få eit best mogeleg tilbod. Vi ynskjer at foreldra skal føle seg trygge for at vi ser barna sine behov og at dei skal ha eit aktivt medansvar for barnehagertilbodet. Vi som personal skal møte føresette og barn på ein høfleg og venleg måte kvar gong dei kjem i barnehagen. Personalet skal arbeide for å finne balanse mellom respekt for foreldra sine prioriteringar og å ivareta barna sine rettigheter og grunnleggjande fellesverdiar som barnehagen er forplikta til.


Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

## Satsingsområder

Barnehagen skal gje barna grunnleggande kunnskap på sentrale og aktuelle områder. **Barnehagen sitt læringsmiljø skal omfatte sju fagområder:** (Jfr. Rammeplanen kap.9)

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Mengd, rom og form
- Natur, miljø og teknologi

Fagområda vil sjeldan opptre isolert, fleire områder vil ofta vere representert samtidig i eit temaopplegg, og i samband med kvardagsaktivitetar og turar i nærmiljøet.



## Sosial kompetanse

Sandsøy barnehage jobbar kvar dag med å styrke barna si sosiale kompetanse og førebyggje og meistre problemåtferd.

Dei vaksne legg vekt på positiv involvering og oppmuntring. Hovudfokuset er å sjå og verdsetje god åtferd. Når barna opplever at dei vaksne set same grenser for korleis ein er mot andre, vil dette i seg sjølv verke førebyggjande. Negativ åtferd skal få milde reaksjonar som er kjende på førehand. Viktig at dei vaksne til ei kvar tid rettar merksemda mot ønska åtferd. Vis respekt, vis omsorg og ta ansvar er stikkord som vert formidla til barna kvar dag.



## Realfag

Realfag er ein samlebetegnelse for fag som matematikk, fysikk, kjemi, biologi, astronomi, geofag og informasjonsteknologi.

Arbeid med realfag i barnehagen tek utgangspunkt i Rammeplan for barnehagar og skal vere ut i frå barna sine premissar. Det er først og fremst fagområda «Mengd, rom og form» og «Natur, miljø og teknologi» som gir rammer for barnehagen sitt realfaglege arbeid, men andre fagområder kan også sjåast i samanheng der det er relevant. Barnehagen skal bidra med å styrke kompetansen som det einskilde barn seinare skal vidareutvikle i opplæringa.

Eit undrande, engasjert og leikande personal er viktig. Realfag i barnehagen skal vere «leikbasert» lærings. Vi jobbar med realfag både spontant, men også planlagt. Barn skal få utfolde skaparglede, undring og utforskertrang. Dei skal få grunnleggjande og relevant kunnskap, og utvikle ferdigheter gjennom dagleglivet sine hendingar i samvær, leik og strukturerte aktivitetar. Målet er å auke barna si lærings- og motivasjon i matematikk og naturfag.



## Kommunikasjon , språk og tekst

I Rammeplanen står det:

«Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigkeit, bevisstheit og utvikling.»

Barn tileignar seg språk i samspel med omgjevnadane. Både den non-verbale (kroppsspråk) og den verbale kommunikasjonen er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk. Vi ynskjer å gi barna ein solid og god språkstimulering. Vi vil bruke dei metodiske programma Språkkista og Snakkepakken. Snakkepakken brukast for å styrke barna si språkutvikling og byggjer på sju tematiske områder i barna sin kvardag. Desse områda er mat, kropp, kle, hus, dyr, fargar og eventyr.



**Vi vil gjennom barnehageåret jobbe med tema der språk og vennskap blir i fokus.** Vi tek då utgangspunkt i dei sju fagområda i rammeplanen og satsingsområda til kommunen.

Barna vil få gode erfaringar med naturen, årstidene, ulike material, berekraftig utvikling, miljø og utvikling elles. Dei vil også få erfaring med tal, teljing, mengd, rom og form. Det er også eit godt tema for språket. Mykje spennande å samtale om og undre seg over i fellesskap.

Temaet gir rom for å byggje på kreativitet og leik, samstundes som det er eit tema som er ope for improvisasjon og medverknad for barna. Vi vil variere mellom planlagde og spontane aktivitetar. Ein får også jobbe heilskapleg og tverrfagleg, der ein får sjå dei forskjellege fagområda i rammeplanen i samanheng. Nærerjøtet og lokale forhold vil bli inkludert.


Barna vil få ulike innblikk i temaet og høve til å uttrykkje seg på ulike måtar gjennom fysisk aktivitet, forming og opplevingar. Det er også eit mål at dei skal øve seg på å ta initiativ sjølve og at dei skal oppleve meistring gjennom å lære nye ting.

I tillegg til å jobbe med tema språk og vennskap kjem vi til å nytte oss av snakkepakken. Snakkepakken er eit pedagogisk verkty som er tileigna barnehagar og småskular. Snakkepakken brukast for å styrke barna si språkutvikling og byggjer på sju tematiske områder i barna sin kvardag. Desse områda er mat, kropp, kle, hus, dyr, fargar og eventyr.

### **Barna sin medverknad**

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. Barnehagelova §1 og §3, Grunnlova §104 og FN sin barnekonvensjon art.12 nr.1. Ein skal vektlegge synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta. ( Rammeplanen for barnehagen august 2017 )

Medverknad i barnehagen handlar om å gje barna høve til å påverke sin eigen kvardag og barnehagen sitt felles liv. Det enkelte barn må ha innflytelse både på kva som skal skje og korleis det skal gjerast. Medverknad handlar om å verte spurt, bli lytta til og akseptert som kompetente. Som vaksne må vi la oss påverke og godta at barna sjølv kan ha synspunkt på kva dei har behov for. Barndommen er viktig i seg sjølv og ikkje berre eit forstadie til det vaksne liv. Barn er fullverdige menneske og har rett til å uttale seg om sin eigen kvardag. Barndommen er ei livsfase med eigenverdi i likskap med alle andre faser i mennesket sitt livsløp. Barna sine meininger skal det takast omsyn til så langt som mogeleg ut i frå barnet sin alder og modning.



Å arbeide med barn sin medverknad, handlar ikkje om å finne fram til bestemte metoder, men om korleis vi som vaksne tenkjer om og ser på barn. Det er haldningane våre som leiar fram til ein medverknadspraksis. Det er barna sitt møte med dei vaksne og barnehagen si organisering som vert avgjerande for om det vert medverknad eller ikkje . Dei vaksne skal ikkje vere ”påfyllere” av kunnskap, men tilretteleggarar for læring og fellesskap.

For å forstå barna må ein undersøke det pedagogiske miljøet barna er i. Dei ulike pedagogiske miljøa er mellom anna dei daglege rutinane barna skal forhalde seg til, innhaldet i barnehagen, romma si utforming og personalet si organisering.

(Henta frå Rammeplan for barnehagens innhald og oppgaver, mars 2006 )



## Turdag

Barna skal gjere seg kjende i nærmiljøet rundt barnehagen, bruke kroppen og få utfalte seg. Hovudmålet vil også vere å oppleve, sanse og føle glede ved å vere ute. Vi ynskjer at barna skal utvikle god kroppskontroll slik at dei kan få kjensle av å meistre. Dette vil i neste omgang medverke til at dei får positive erfaringar om seg sjølv. God motorikk kan også førebyggje lese- og skrivevanskar seinare.



## SFO

SFO er samlokalisert med barnehagen dette barnehageåret.

## Kontaktinformasjon

### Tilsette ved Sandsøy barnehage


Stilling	Namn	Tlf/mobil
Einingsleiar	Ragnhild Våge Støyle	48100454
Pedagogisk leiar	Gunnhild Bringsvor	91302460
Assistent	Jevgenia Evert	40588871
Vikarar	Jens Robert Helland og Karen Bringsvor Voksøy	

### Telefonnummer til Sandsøy barnehage

Sandsøy Barnehage	46917292/48100454
-------------------	-------------------

#### DAGSRYTME

08.00 Barnehagen opnar  
08.30-09.30 Frukost/Frisek  
09.30 Leik  
09.00.-11.00: Tur  
10.00 Organisert aktivitet  
11.00 Måltid  
12.00 Sovetid/Uteleik  
13.30 Ettermiddagsmåltid  
14.00 Leik ute eller inne  
15.30 Ettermiddagsmåltid  
16.30 Barnehagen stengjer



Årsplan godkjent i foreldregruppa oktober 2022

## Avslutning



**Det er to varige gaver  
vi kan gi barna våre.  
Den ene er røtter,  
og den andre er vinger.**

[ Ukjent ]

sitteresitateter.no

**Med desse fine orda ynskjer vi alle eit flott barnehageår!**